

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Hotel Sognefjord
Dato: 16.12.2025
Tid: Kl. 09:00 - 13:00

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Ann Sissel Austgulen	AP
Anne Merete Takle	AP
Gro Sissel Dale	AP
Hildur Akse	AP
Jan Arvid Støyva	AP
Kjell Eide	AP
Per Egil Akse	AP
Thea Pedersen Johannesen	AP
Eva Mette Høie	H
Geir Helge Nordstrand	H
Øyvind Høie	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP
Inger Hauken	SP
John Gerick Bårøy	SP
Karin Tønning Hatløy	SP
Morten Askvik	SP

Forfall meldt frå følgjande medlem	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Christian Hatlem Skår	AP	Christine Gjøen Bøe	AP

Merknader:

Møtet vart mellombels heva (pause) 09:40 - 09:55, samt 10:40 - 12:25.

Utdeling av Kvernsteinsprisen 2025 til Mona Birkeland.

Andre møtande:

Kommunalsjefane Gaute Lundeland, Linda Dalsøren Meier, Hildegunn Hatlem og Elin Garnes Solås.
Einingsleiar Simen Solheim og økonomisjef Tommy Johnsen.

Møtereferent: Elin Garnes Solås

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/067	Godkjenning av innkalling
25/068	Godkjenning av sakliste
25/069	Godkjenning av protokoll frå førre møte
25/070	Referat- og orienteringssaker
25/070.1	Informasjon til kommunestyret: Møtebok frå kontrollutvalet 6.11.25
25/070.2	Region Fjordane- møtebok 31.10.25
25/070.3	Møtebok Innkalling til representantskapsmøte i Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap 14.11.2025
25/070.4	Oversikt over høyringsinnspel til budsjett- og økonomiplan 2026-2029
25/070.5	Oversikt endringer i høve kommunedirektøren sitt budsjettframlegg
25/070.6	Orientering om oppheving av regional plan for kysten i Sogn og Fjordane og oppheving av regional føresegn for handel i Hordaland.
25/070.7	Kunngjering - Høyring av søknad om konsesjon for regulering/uttak av vatn til smoltproduksjon i Salbuelva i Hyllestad kommune, Vestland fylke
25/070.8	Havbruksnæringa i Vestland - brev til Statsministeren sitt kontor
25/070.9	Fjordane interkommunalt politisk råd - møtebok 3.12.25
25/070.10	Saksframlegg ny forskrift om avfall frå hushald og ny forskrift for tømming av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg i SUM sine eigarkommunar
25/071	Spørjetimen
25/072	Revisjon av Hyllestad kommune sitt arbeid- og personalreglement
25/073	Revidert samarbeidsavtale
25/074	Busetting av flyktningar i 2026
25/075	Rullert handlingsprogram fysisk aktivitet og idrett 2026-2027
25/076	Revisjon av forskrift - Renovasjon og slam
25/077	Alden hamneområde - Farvassavgift og sakshandsamingsgebyr 2026
25/078	Gebyr - Renovasjon og slam 2026
25/079	Vidareføring av Fjordane interkommunale politiske råd (IPR)
25/080	Vidareføring av Invest in Fjordane
25/081	Høyringsuttale framtidig tenestestruktur for Vestland tannhelseteneste
25/082	Politisk møteplan 2026
25/083	Budsjett- og økonomiplan 2026-2029

25/067: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Samrøystes.

KOMM- 25/067 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

25/068: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

SP v/Karin Tonning Hatløy tok opp høyring av ordning om forskrift om nærmiljøanlegg som skulle opp igjen i formannskapet. Ønskjeleg med orientering før høyringsfristen.
Saklista elles vart godkjent.

KOMM- 25/068 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

25/069: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Samrøystes.

KOMM- 25/069 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.

25/070: Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Ordførar orienterte om ulike samfunnsoppgåver ein arbeider med no:

- Ambulansetjenesten - har vore med med Statsforvaltar, og ein arbeider også med andre instansar.
- Tannlege - det er sendt høyringsuttale.
- Veg, punktutbetringar vi har førebudd - uvisst når det vert realitet.

Kommunedirektøren orienterte om høyringsuttalen til forskrift om nærmiljøanlegg som er under arbeid.

KOMM- 25/070 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

25/070.1: Informasjon til kommunestyret: Møtebok frå kontrollutvalet 6.11.25

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.1 VEDTAK:

25/070.2: Region Fjordane- møtebok 31.10.25

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.2 VEDTAK:

25/070.3: Møtebok Innkalling til representantskapsmøte i Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap 14.11.2025

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.3 VEDTAK:

25/070.4: Oversikt over høyringsinnspel til budsjett- og økonomiplan 2026-2029

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.4 VEDTAK:

25/070.5: Oversikt endringer i høve kommunedirektøren sitt budsjettframlegg

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.5 VEDTAK:

25/070.6: Orientering om oppheving av regional plan for kysten i Sogn og Fjordane og oppheving av regional føresegn for handel i Hordaland.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.6 VEDTAK:

25/070.7: Kunngjering - Høyring av søknad om konsesjon for regulering/uttak av vatn til smoltproduksjon i Salbuelva i Hyllestad kommune, Vestland fylke

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.7 VEDTAK:

25/070.8: Havbruksnæringa i Vestland - brev til Statsministeren sitt kontor

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.8 VEDTAK:

25/070.9: Fjordane interkommunalt politisk råd - møtebok 3.12.25

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.9 VEDTAK:

25/070.10: Saksframlegg ny forskrift om avfall frå hushald og ny forskrift for tømning av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg i SUM sine eigarkommunar

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

KOMM- 25/070.10 VEDTAK:

25/071: Spørjetimen

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Ingen spørsmål til møtet.

KOMM- 25/071 VEDTAK:

-

25/072: Revisjon av Hyllestad kommune sitt arbeid- og personalreglement

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek revidert arbeid- og personalreglement slik det ligg føre.

Reglementet tek til å gjelde frå vedtaksdato.

Administrasjonsutvalet 02.12.2025

Handsaming:

Administrasjonsutvalet tilrår samrøystes revidert personal- og arbeidsreglement.

ADMU- 25/019 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet tilrår samrøystes revidert personal- og arbeidsreglement.

Formannskapet 02.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 25/077 VEDTAK:

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta revidert arbeid- og personalreglement slik det ligg føre.

Reglementet tek til å gjelde frå vedtaksdato.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/072 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek revidert arbeid- og personalreglement slik det ligg føre.

Reglementet tek til å gjelde frå vedtaksdato.

25/073: Revidert samarbeidsavtale

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek *Gjensidig forpliktande avtale om støtte til drift og utvikling av Fjordkysten regional- og geopark* datert 6.11.2025.

Formannskapet 02.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 25/078 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek *Gjensidig forpliktande avtale om støtte til drift og utvikling av Fjordkysten regional- og geopark* datert 6.11.2025.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/073 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek *Gjensidig forpliktande avtale om støtte til drift og utvikling av Fjordkysten regional- og geopark* datert 6.11.2025.

25/074: Busetting av flyktningar i 2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommune vedtek å busette inntil 10 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi.

Formannskapet 02.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 25/079 VEDTAK:

Hyllestad kommune vedtek å busette inntil 10 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over formannskapet si tilråding, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/074 VEDTAK:

Hyllestad kommune vedtek å busette inntil 10 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi.

25/075: Rullert handlingsprogram fysisk aktivitet og idrett 2026-2027

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Gjeldande kulturplan blir prolognert for 2026, og ligg til grunn for handlingsprogrammet.
2. Handlingsprogrammet for fysisk aktivitet og idrett 2026 blir vedteken slik den ligg føre.
3. Det blir løyvd 500 000 kroner til å følgje opp tiltak i planen i 2026. Løyvinga vert finansiert over ordinær driftsramme og lagt inn i budsjettet for 2026.

Formannskapet 02.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

FORM- 25/080 VEDTAK:

1. Gjeldande kulturplan blir prolongert for 2026, og ligg til grunn for handlingsprogrammet.
2. Handlingsprogrammet for fysisk aktivitet og idrett 2026 blir vedteken slik den ligg føre.
3. Det blir løyvd 500 000 kroner til å følgje opp tiltak i planen i 2026. Løyvinga vert finansiert over ordinær driftsramme og lagt inn i budsjettet for 2026.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Kommunedirektøren sette fram følgjande endringsframlegg: Tiltaket "Rehabilitering av lyanlegg ute" er eit ordinært anlegg og må derfor flyttast til rett anleggskategori.

Framlegg til vedtak og endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/075 VEDTAK:

1. Gjeldande kulturplan blir prolongert for 2026, og ligg til grunn for handlingsprogrammet.
2. Handlingsprogrammet for fysisk aktivitet og idrett 2026 blir vedteken slik den ligg føre.
3. Det blir løyvd 500 000 kroner til å følgje opp tiltak i planen i 2026. Løyvinga vert finansiert over ordinær driftsramme og lagt inn i budsjettet for 2026.

4. Tiltaket "Rehabilitering av lysanlegg ute" er eit ordinært anlegg og må derfor flyttast til rett anleggskategori.

25/076: Revisjon av forskrift - Renovasjon og slam

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek "Forskrift om avfall frå hushald" og "Forskrift om tømming av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg" slik dei ligg føre.

Formannskapet 02.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 25/081 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek "Forskrift om avfall frå hushald" og "Forskrift om tømming av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg" slik dei ligg føre.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke. (Skrivefeil i § 22 vert retta frå 1.1.25 til 1.1.26).

KOMM- 25/076 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek "Forskrift om avfall frå hushald" og "Forskrift om tømming av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg" slik dei ligg føre.

25/077: Alden hamneområde - Farvassavgift og sakshandsamingsgebyr 2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Avgiftsregulativet vert godkjent av Hyllestad kommunestyre slik det ligg føre

- Farvassavgift vert endra til kr 0,38/bt.
- Minsteavgifta vert endra til kr 280.
- Årsavgift for fiskefarty heimehøyrande i sjøområde til Alden hamneområde vert haldt uendra på kr 2 750.
- Om krav om farvassavgift er openbart urimeleg får hamnestyret i Florø hamn KF delegert mynde i dei enkelte tilfella bestemme at farvassavgifta skal falle vekk eller reduserast.
- Sakshandsamingsgebyret auka frå kr 4 400 til kr 4 500 pr enkel søknad, og frå kr 8 500 til kr 8 800 for større saker.

Formannskapet 02.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 25/082 VEDTAK:

Avgiftsregulativet vert godkjent av Hyllestad kommunestyre slik det ligg føre

- Farvassavgift vert endra til kr 0,38/bt.

- Minsteavgifta vert endra til kr 280.
- Årsavgift for fiskefarty heimehøyrande i sjøområde til Alden hamneområde vert haldt uendra på kr 2 750.
- Om krav om farvassavgift er openbart urimeleg får hamnestyret i Florø hamn KF delegert mynde i dei enkelte tilfella bestemme at farvassavgifta skal falle vekk eller reduserast.
- Sakshandsamingsgebyret auka frå kr 4 400 til kr 4 500 pr enkel søknad, og frå kr 8 500 til kr 8 800 for større saker.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/077 VEDTAK:

Avgiftsregulativet vert godkjent av Hyllestad kommunestyre slik det ligg føre

- Farvassavgift vert endra til kr 0,38/bt.
- Minsteavgifta vert endra til kr 280.
- Årsavgift for fiskefarty heimehøyrande i sjøområde til Alden hamneområde vert haldt uendra på kr 2 750.
- Om krav om farvassavgift er openbart urimeleg får hamnestyret i Florø hamn KF delegert mynde i dei enkelte tilfella bestemme at farvassavgifta skal falle vekk eller reduserast.
- Sakshandsamingsgebyret auka frå kr 4 400 til kr 4 500 pr enkel søknad, og frå kr 8 500 til kr 8 800 for større saker.

25/078: Gebyr - Renovasjon og slam 2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner gebyrsatsane for renovasjon og slam i Hyllestad kommune, i samsvar med gebyrforskrift renovasjon 2026 og gebyrforskrift slam 2026.

Formannskapet 02.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 25/083 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner gebyrsatsane for renovasjon og slam i Hyllestad kommune, i samsvar med gebyrforskrift renovasjon 2026 og gebyrforskrift slam 2026.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/078 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner gebyrsatsane for renovasjon og slam i Hyllestad kommune, i samsvar med gebyrforskrift renovasjon 2026 og gebyrforskrift slam 2026.

25/079: Vidareføring av Fjordane interkommunale politiske råd (IPR)

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Hyllestad kommunestyre vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Hyllestad kommunestyre godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/079 VEDTAK:

1. Hyllestad kommunestyre vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Hyllestad kommunestyre godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

25/080: Vidareføring av Invest in Fjordane**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hyllestad kommunestyre vedtek vidareføring av samarbeidsprosjektet Invest in Fjordane. Kommunal eigenandel på kr 90 000,- vert innarbeid i budsjett for 2026 under ansvar 660.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Kommunedirektøren endra sitt framlegg til vedtak slik:

1. Kommunen tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Kommunen stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.
3. Kommunen sett av 90.000 kr i tre år til den vidare satsinga.

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/080 VEDTAK:

1. Kommunen tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Kommunen stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.
3. Kommunen sett av 90.000 kr i tre år til den vidare satsinga.

25/081: Høyringsuttale framtidig tenestestruktur for Vestland tannhelseteneste**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hyllestad kommunestyre vedtek framlegg til høyringsuttale.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til høyringsuttale, som vart samrøystes vedteken.

KOMM- 25/081 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek framlegg til høyringsuttale.

25/082: Politisk møteplan 2026

ORDFØRAREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek følgjande politiske møteplan for 2026:

Utval	jan	feb	mars	apr	mai	juni	juli	aug	sep	okt	nov	des
Kommunestyret			26. (12.00)		14. F (09.00)	18. (12.00)			17. (1200)	29. (09.00)		10. (09.00)
Formannskapet		24. Skule	4. fsk konf.		5. Bhg	9. Helse			8. Omsorg	20. Sentral		1. SUT
Administrasjonsutvalet		24.				9.			8.			1.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

Den 14. mai er Kristi Himmelfartsdag, og ikkje ønskeleg dato for kommunestyremøte av fleire grunner.

Foreslår at møtet den 14. mai vert flytta til den 07. mai. Då vert formannskapsmøte og kommunestyremøtet for tett på kvar andre. Foreslår at møtet den 05. mai vert flytta til den 28.april.

SP v/Morten Askvik sette fram følgjande endringsframlegg:

Den 14. mai er Kristi Himmelfartsdag, og ikkje ønskeleg dato for kommunestyremøte av fleire grunner.

Foreslår at møtet den 14. mai vert flytta til den 07. mai. Då vert formannskapsmøte og kommunestyremøtet for tett på kvar andre. Foreslår at møtet den 05. mai vert flytta til den 28.april.

Drt vart røysta over framlegg til vedtak og endringsframlegget samla, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/082 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek følgjande politiske møteplan for 2026:

Kommunestyremøter;

26. mars kl. 12.00

07. mai kl. 09.00

18. juni kl. 12.00

17. september kl. 12.00

29. oktober kl. 09.00

10. desember kl. 09.00

Formannskapsmøter;

24. februar

04. mars

28. april

09. juni

08. september

20. oktober

01. desember

Administrasjonsutvalet;

24. februar

09. juni

08. september

01. desember

25/083: Budsjett- og økonomiplan 2026-2029

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på **kr xxxxx** Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"
2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på **kr xxxxxx** Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"
3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2026 vert sett til **kr xxxxxx**
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på **kr xxxxx**, refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.
5. Kommunestyret vedtek økonomiplanen for 2026 – 2029.
6. Det vert teke opp lån med inntil 5 000 000 kr. til vidare utlån via Husbanken i 2026. Låneopptak vert gjort fortløpande og etter behov.
7. I medhald av esktl. §§ 2 og 3 skal det for skatteåret 2026 skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen.
 - a. Skattesats for 2025:
 - i. Den allmenne skattesatsen blir sett til 7 promille, jf. esktl. § 13.
 - ii. Differensiert skattesats for bustad- og fritidseigedomar for skatteåret 2026 vert sett til 4 promille, jf. esktl. § 12 a.
 - iii. Skattegrunnlaget for bustadar og fritidsbustadar vert sett til 70 % av takstverdi.
 - iv. Botnfrådrag er sett til 0.
 - b. For skatteåret 2025 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskild fastsett grunnlag i medhald av overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første lekken. Det særskilde grunnlaget skal i 2025 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 etter nye verdsettingsreglar for "verk og bruk" som frå og med 2019 er å sjå på som næringseigedom. Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 7 promille.
 - c. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatten nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter (K-sak 19/114), jf. esktl. § 10.
 - d. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar: mars, juni, september og desember i skatteåret, jf. esktl. § 25.
 - e. Desse eigedomane får fritak etter § 7 a i eigedomsskattelova:
 - i. Forsamlingshus som gagnar ålmenta, og som tilhøyrrer lag og organisasjonar.
8. Kommunale avgifter og betalingssatsar vert vedtekne slik det går fram av gebyrliste gjeldande frå 1.1.2026.
9. Det vert opna for at betaling av kommunale avgifter og eigedomsskatt kan betalast i 12 rater etter søknad.
10. Det vert sett av til disposisjonsfondet i økonomiplanperioden med **kr xxxxxx**
11. Hyllestad kommune yter **kr 2 165 000** i driftstilskot til Hyllestad sokneråd for 2026.
12. Utval for plan og samfunn blir avvikla per 31.12.2025 og formannskapet vert planutval som tidlegare.
13. Partsutvalet vert avvikla per 31.12.2025

Administrasjonsutvalet 02.12.2025

Handsaming:

Administrasjonsutvalet tilrår samrøystes framlegg til "Budsjett og økonomiplan 2026 - 2029".

ADMU- 25/018 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet tilrår samrøystes framlegg til "Budsjett og økonomiplan 2026 - 2029".

Formannskapet 02.12.2025

Handsaming:

H v/Geir Helge Nordstrand sette fram følgjande framlegg:

Budsjett 2026	
Forslag opprettholde disse tilbuda.	Kostnader
Varm mat i barnehagen	425 000
Kino	60 000
Bustad tilskotet	1 000 000 Kun ny bygg og 45 år
Redusere kommune styre 17 -11 rep	100 000
Sommar jobb for ungdom	250 000
Kurs/kompetanseheving for tilsette oppvekst	10 000
Skule tur	228 000 (Ordning med årlig innbetaling)
Hyllestad fondet	500 000 Endre vilkår
Tiltak kultur plan	1 000 000 Endre vilkår
Natte vakt omsorg bustad	2 000 000 (Vis bruker må inn på heimen kor er innsparinga)
Forpleining	50 000
Husleia på omsorg bustad Eikelund	250 kr inkl strøm 150 uten strøm(Juster i henhold til prisvekst)
Kutte opplæring og kurs, plan avd – byggesaker - kart og oppmåling	30 000
Drift og vedlikehold av kommunale veger	100 000
Beholde trening for røykdykker gratis	Ca 21600
Ordfører 60% stilling innsparing	• 479 187
Vara ordfører innsparing	• 89 847

SP v/Dag Ove Myklebust sette fram følgjande framlegg:

I tillegg til tiltak lagt inn i FS 25. nov. ønsker SP å få inn desse tiltaka i budsjettet:

1. Behalde 17. rep i kommunestyret kostnad 2026 0,- i økonomiplanperioden 125 000,-
2. Auke bevilling til kyrkja med 100 000 årleg fom. 2026 og ut økonomiplanperioden
3. Behalde støtte til Kino, kostnad 2026 0,- 183 000 i økonomiplanperioden
4. Gratis trening til i treningssenteret i hallen for brannmannskapet antatt årleg kostnad 31 000 årleg i økonomiplanperioden
5. Behalde dirigent kor kostand 2026 5 000,-
6. Auke stillingsprosent bibliotek med 10% kostnad 2026 70 000,-
7. Ta inn finansiering av fjordkysten årleg fom 2027 (225 000,-)

8. Endre tekst i innsparingskrav omsorg på 1 500 000 til eit generell innsparing og ikkje konkret å gjelde nattevakt omsorgsbustader.

Det vart først røysta punktvis over SP sitt framlegg:

Pkt. 1 - samrøystes

Pkt. 2 - 2 for (H/SP) og 3 imot (AP)

Pkt. 3 - samrøystes

Pkt. 4 - samrøystes

Pkt. 5 - 2 for (H/SP) og 3 imot (AP)

Pkt. 6 - 1 for (SP) og 4 imot (H/AP)1 f

Pkt. 7 - samrøystes

Pkt. 8 - samrøystes

Det vart så røysta punktvis over H sitt framlegg:

- Varmmat i barnehagen - 1 for (H) og 4 imot (SP/AP)
- Kino, sjå pkt. 3 i SP sit framlegg.
- Kurs/komp. oppvekst - samrøystes teke ut av framlegget
- Kurs/oppl byggesak/oppmåling - 3 for (SP//AP) og 2 imot (AP)
- Drift og vedlikehald kommunale vegar - 1 for (H) og 4 imot (AP/SP)
- Redusere ordførargodtgjersla til 60 % - 1 for (H) og 4 imot (AP/SP)
- Bustadtilskotet - 1 for (H) og 4 imot (AP/SP)
- Skuleturen - 1 for (H) og 4 imot (AP/SP)
- Dei andre punkta i framlegget vart ikkje røysta over eller er sams med SP sitt framlegg.

Framlegg til vedtak og tilleggspunkt jr. opplisting ovanfor vart tilrådd til kommunestyret.

FORM- 25/084 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på **kr 161 394 000** Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"

2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på **kr 11 418 000** Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"

3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2026 vert sett til **kr 7 435 000**

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på **kr 7 435 000** til å refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.

5. Kommunestyret vedtek økonomiplanen for 2026 – 2029.

6. Det vert teke opp lån med inntil 5 000 000 kr. til vidare utlån via Husbanken i 2026. Låneopptak vert gjort fortløpande og etter behov.

7. I medhald av esktl. §§ 2 og 3 skal det for skatteåret 2026 skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen.

a. Skattesats for 2025:

i. Den allmenne skattesatsen blir sett til 7 promille, jf. esktl. § 13.

ii. Differensiert skattesats for bustad- og fritidseigedomar for skatteåret 2026 vert sett til 4 promille, jf. esktl. § 12 a.

iii. Skattegrunnlaget for bustadar og fritidsbustadar vert sett til 70 % av takstverdi.

iv. Botnfrådrag er sett til 0.

b. For skatteåret 2025 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskild fastsett grunnlag i medhald av overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første lekken. Det særskilde grunnlaget skal i 2025 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 etter nye verdsettingsreglar for "verk og bruk" som frå og med 2019 er å sjå på som næringseigedom. Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 7 promille.

c. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatten nyttar kommunen tidlegare vedtekte skattevedtekter (K-sak 19/114), jf. esktl. § 10.

- d. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar: mars, juni, september og desember i skatteåret, jf. esktl. § 25.
- e. Desse eigedomane får fritak etter § 7 a i eigedomsskattelova:
- i. Forsamlingshus som gagnar ålmenta, og som tilhøyrrer lag og organisasjonar.
8. Kommunale avgifter og betalingssatsar vert vedtekne slik det går fram av gebyrliste gjeldande frå 1.1.2026.
9. Det vert opna for at betaling av kommunale avgifter og eigedomsskatt kan betalast i 12 rater etter søknad.
10. Det vert sett av til disposisjonsfondet i 2026 med **kr. 11 355 000**
11. Hyllestad kommune yter **kr 2 165 000** i driftstilskot til Hyllestad sokneråd for 2026.
12. Utval for plan og samfunn blir avvikla per 31.12.2025 og formannskapet vert planutval som tidlegare.
13. Partsutvalet vert avvikla per 31.12.2025.
14. Behalde 17. rep i kommunestyret kostnad 2026 0,- i økonomiplanperioden 125 000,-.
15. Behalde støtte til Kino, kostnad 2026 0,- 183 000 i økonomiplanperioden.
16. Gratis trening til i treningssenteret i hallen for brannmannskapet antatt årleg kostnad 31 000 årleg i økonomiplanperioden.
17. Ta inn finansiering av Fjordkysten årleg fom 2027 (225 000,-).
18. Endre tekst i innsparingskrav omsorg på 1 500 000 til eit generell innsparing og ikkje konkret å gjelde nattevakt omsorgsbustader.
19. Auke kurs/komp. oppvekst, kr 10.000 og kurs/oppl byggesak/oppmåling kr 30.000.

Kommunestyret 16.12.2025

Handsaming:

BUDSJETT 2026 og økonomiperioden 2026-2029

Vi ser at det er nødvendig å føreta mange nedtak i dei kommunale tenestene synt i budsjettet for 2026, og åra framover, for på sikt å få ein sunn og berekraftig økonomi. Høg rente og stor kostnadsauke på varer og tenester er hovudårsakene til dei store nedtaka. Dette grunnar seg sjølvst i at Hyllestad kommune har gjort mange investeringar dei siste åra på omsorgssenteret, barnehagen, skulen og ikkje minst kommunehuset. Mottak av mange flyktningar har også vore, og vil bli krevjande økonomisk.

Arbeiderpartiet legg fram slike endringar i høve budsjettframlegget frå kommunedirektøren for budsjettet 2026 og økonomiperioden 2026-29.

Drift:

Sommarjobb for ungdom k. 250.000,- vert vidareført i heile perioden 2026-29

Fritidsklubben og «Sommargry» vert for 2026 vidareført med tilskot frå ulike private aktørar.

Fritidsklubben leggjast inn med kr. 180.000,- kvart år i økonomiplanen i perioden 2027-29. Nemninga «underskotsgaranti» knytt mot Sommargry vert stroke.

Taxi-ordninga held fram innan tildelt ramme.

Prosjektet for utvikling/omorganisering av omsorgstenestene skal ha stort fokus. Innsparingskravet til omsorg ligg som føringar i dette arbeidet. Etter 1. halvår 2026 skal ein vurdere tiltak som reduserer kostnader. I desse vurderingane ligg også målet om stabil grunnbemanning. Prosjektet skal vurdere oppgåvefordeling, roller og ansvar.

I samråd med det føreliggjande bustadprosjektet skal ein vurdere utfasing, -evt. spissing av bustadtilskotet.

Legge ned Plan- og Samfunnsutvalet. Sakene flyttast til Formannskapet eller som delegasjonssaker til kommunedirektøren. Innsparing 60.000,-.

Tilskot til m.a. Bygdekino vert å søkje gjennom årlege avsette pott for kulturmidlar.

Kulturmiddelpotten for 2026 vert auka med 100.000,- for å kunne støtte opp om nemnde, og andre tiltak, innan kulturområdet.

Biblioteket vert styrka med 10% stillingsressurs i heile økonomiplanperioden. Auka kostnad kr. 70.000,- kvart år i økonomiperioden

Kommunalt tilsette frå fri tilgang til trimrom i Hyllestadhallen. Det same gjeld for alle elevane i 10. klasse.

Kommunestyret vert redusert til 15 rep.-årleg innsparing kr. 50000,- i økonomiplanperioden 28-29. Fjordkysten ligg inne med tilskot i 2026 og vert vidare finansiert med kr. 225.000,- i åra 2027-29.

Investering:

Myklebustelva: Gjerde og sikring langs elva og inntaket under idrettsbana- kr. 200.000,- i 2026.

1. Auke bevilling til kyrkja med 100 000 frå og med 2026 og ut økonomiperioden.

2. Behalde dirigent på helg for 2026. Kostnad 5000.

3. Auke stillingsprosent bibliotek med 10%. Kostnad 2026 70000.

Budsjett 2026

Forslag opprettholde disse tilbuda. Kostnader

Varm mat i barnehagen 425 000

Kino 60 000

Bustad tilskotet 1 000 000 Kun ny bygg og maks 45 år

Redusere kommune styre 17 -11 rep 100 000

Sommarjobb for ungdom 250 000

Skule tur 228 000

Forpleining 50 000

Opprettholde kurs på , plan avd – byggesaker -kart og oppmåling 30 000

Drift og vedlikehold av kommunale veger 100 000

Beholde gratis trening for røykdykker Ca 21600

Drift:

Fritidsklubben og «Sommargry» vert for 2026 vidareført med tilskot frå ulike private aktørar.

Fritidsklubben leggjast inn med kr. 180.000,- kvart år i økonomiplanen i perioden 2027-29. Nemninga «underskotsgaranti» knytt mot Sommargry vert stroke.

Taxi-ordninga held fram innan tildelt ramme.

Legge ned Plan- og Samfunnsutvalet. Sakene flyttast til Formannskapet eller som delegasjonssaker til kommunedirektøren. Innsparing 60.000,-.

Tilskot til m.a. Bygdekino vert å søkje gjennom årlege avsette pott for kulturmidlar.

Kulturmiddelpotten for 2026 vert auka med 100.000,- for å kunne støtte opp om nemnde, og andre tiltak, innan kulturområdet.

Biblioteket vert styrka med 10% stillingsressurs i heile økonomiplanperioden. Auka kostnad kr. 70.000,- kvart år i økonomiperioden

Kommunalt tilsette frå fri tilgang til trimrom i Hyllestadhallen. Det same gjeld for alle elevane i 10. klasse.

Kommunestyret vert redusert til 15 rep.-årleg innsparing kr. 50000,- i økonomiplanperioden 28-29.

Budsjett 2026

Forslag opprettholde disse tilbuda.

Varm mat i barnehagen 425 000

Kino 60 000

Bustad tilskotet 1 000 000 Kun ny bygg og maks 45 år
kommune styre 17 rep 100 000
Sommar jobb for ungdom 250 000
Skule tur 228 000
Opprettholde kurs på , plan avd – byggesaker -kart og oppmåling 30 000
Drift og vedlikehold av kommunale veger 100 000
Beholde gratis trening for røykdykker Ca 21600

-

-Geir Helge
Hyllestad Høgre

Drift:

Fritidsklubben vert for 2026 vidareført med tilskot frå ulike private aktørar. Fritidsklubben leggjast inn med kr. 180.000,- kvart år i økonimiplanen i perioden 2027-29.

Nemninga «underskotsgaranti» knytt mot Sommargry vert stroke.

Taxi-ordninga held fram innan tildelt ramme.

Biblioteket vert styrka med 10% stillingsressurs i heile økonomiplanperioden. Auka kostnad kr. 70.000,- kvart år i økonomiperioden

Kommunalt tilsette frå fri tilgang til trimrom i Hyllestadhallen.

Elevane i 10. klasse får fri tilgang til trimrom i Hyllestadhallen.

Kommunestyret vert redusert til 15 rep.-årleg innsparing kr. 50000,- i økonomiplanperioden 28-29.

SP v/Morten Askvik sette fram følgjande framlegg:

1. Auke bevilling til kyrkja med 100 000 frå og med 2026 og ut økonomiperioden.
2. Behalde dirigent på helg for 2026. Kostnad 5000.
3. Auke stillingsprosent bibliotek med 10%. Kostnad 2026 70000.

AP v/Anne Merete Takle sette fram følgjande framlegg:

- Drift:
- Fritidsklubben og «Sommargry» vert for 2026 vidareført med tilskot frå ulike private aktørar. Fritidsklubben leggjast inn med kr. 180.000,- kvart år i økonimiplanen i perioden 2027-29. Nemninga «underskotsgaranti» knytt mot Sommargry vert stroke.
- Taxi-ordninga held fram innan tildelt ramme.
- Legge ned Plan- og Samfunnsutvalet. Sakene flyttast til Formannskapet eller som delegasjonssaker til kommunedirektøren. Innsparing 60.000,-.
- Tilskot til m.a. Bygdekino vert å søkje gjennom årlege avsette pott for kulturmidlar. Kulturmiddelpotten for 2026 vert auka med 100.000,- for å kunne støtte opp om nemnde, og andre tiltak, innan kulturområdet.
- Biblioteket vert styrka med 10% stillingsressurs i heile økonomiplanperioden. Auka kostnad kr. 70.000,- kvart år i økonomiperioden

- Kommunalt tilsette frå fri tilgang til trimrom i Hyllestadhallen. Det same gjeld for alle elevane i 10. klasse.
- Kommunestyret vert redusert til 15 rep.-årleg innsparing kr. 50000,- i økonomiplanperioden 28-29.

H v/Geir Helge Nordstrand sette fram følgjande framlegg:

Budsjett 2026

Forslag opprettholde disse tilbuda.

- Kostnader
- Varm mat i barnehagen 425 000
- Kino 60 000
- Bustad tilskotet 1 000 000 Kun ny bygg og maks 45 år
- Redusere kommunestyre 17 -11 rep 100 000
- Sommarjobb for ungdom 250 000
- Skuletur 228 000
- Forpleining 50 000 (trekt frå framlegget då det ligg inne i budsjettet allereie)
- Opprettholde kurs på , plan avd – byggesaker -kart og oppmåling 30 000
- Drift og vedlikehold av kommunale veger 100 000
- Beholde gratis trening for røykdykker Ca 21600

Møtet vart mellombels heva for gruppemøter - 10:40 - 12:25.

Kommunedirektøren sette fram følgjande endringsframlegg:

- Festeavgifter for gravplass vert sett til kr 300,- per grav per år frå 01.01.2026.
- Pkt. 7 b) i framlegg til vedtak vert teke ut.
- Husleige for Ytre Bøe 29 vert auka med kr 200,- (feil i gebyrlista).
- Auka kostnader vert dekkja frå disposisjonsfondet.

Gro Sissel Dale tok opp spørsmål om ho var ugild i budsjettsaka. Dale vart samrøystes funnen gild.

Det vart først røysta punktvis over dei ulike partia sine framlegg opp mot formannskapet sitt framlegg:

- Høgre sitt framlegg om å halde fram med mat i barnehagen - 10 røysta for framlegger: 3 frå H og 3 frå SP og 4 frå AP. 7 røysta for formannskapet sitt framlegg, 3 frå SP og 4 frå AP.
- Høgre sitt framlegg om framleis støtte til kino - samrøystes vedteke.
- Høgre sitt framlegg om bustadtilskot - 3 røysta for (Høgre) - 14 røysta for formannskapet sitt framlegg (AP og SP). Framlegget fall.
- Høgre sitt framlegg om sommarjobb for ungdom - samrøystes vedteke.
- Høgre sitt framlegg om framleis skuletur - 6 røysta for - 3 frå H + og 3 frå SP. 11 røysta for formannskapet sitt framlegg, AP + 3 frå SP.
- Høgre sitt framlegg om drift- og vedlikehald av kommunale vegar opp mot formannskapet sitt framlegg - 3 røysta for (H) og 14 røysta for imot AP+SP).
- Høgre sitt framlegg og AP sitt framlegg om gratis trening for alle kommunalt tilsette + 10. klasse vart slått saman, samrøystes vedteke.
- AP sitt framlegg om å legge fritidsklubben inn i heile økonomiplanperioden vart vedteke med 12 røyster, AP + H, 5 røysta imot, SP.
- AP sitt framlegg knytt til Sommarjobb vart vedteke med 10 røyster: AP + 1 frå H røysta for framlegget, 7 røysta imot 2 frå H og SP.
- AP sitt framlegg om taxi - samrøystes vedteke.
- AP sitt framlegg om 10 % auke knytt til bibliotekstilling vart samrøystes vedteke.
- AP sitt framlegg om å redusere til 15 kommunestyrerepresentantar fall, 6 røysta for frå AP, 11 røysta imot, H + SP + 3 frå AP.
- SP sitt framlegg om å auke tilskotet til kyrkja fall med 12 røyster (AP + H), 5 røysta for (SP).

- SP sitt framlegg om dirigent på helg fall med 9 røyster (AP), 8 røysta for (SP + H).
- Kommunedirektøren sine endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Det vart til slutt røysta over budsjettframlegget samla, inkludert tilleggs- og endringsframlegg, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/083 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på **kr 161 394 000 + kr 955 000 = 162 349 000**. Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"
2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på **kr 11 418 000 + kr 200.000 = kr 11 618 000**. Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"
3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2026 vert sett til **kr 7 635 000**
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på **kr 7 635 000** til å refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.
5. Kommunestyret vedtek økonomiplanen for 2026 – 2029.
6. Det vert teke opp lån med inntil 5 000 000 kr. til vidare utlån via Husbanken i 2026. Låneopptak vert gjort fortløpande og etter behov.
7. I medhald av esktl. §§ 2 og 3 skal det for skatteåret 2026 skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen.
 - a. Skattesats for 2025:
 - i. Den allmenne skattesatsen blir sett til 7 promille, jf. esktl. § 13.
 - ii. Differensiert skattesats for bustad- og fritidseigedomar for skatteåret 2026 vert sett til 4 promille, jf. esktl. § 12 a.
 - iii. Skattegrunnlaget for bustadar og fritidsbustadar vert sett til 70 % av takstverdi.
 - iv. Botnfrådrag er sett til 0.
 - b. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatten nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter (K-sak 19/114), jf. esktl. § 10.
 - c. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar: mars, juni, september og desember i skatteåret, jf. esktl. § 25.
 - d. Desse eigedomane får fritak etter § 7 a i eigedomsskattelova:
 - e. Forsamlingshus som gagnar ålmenta, og som tilhøyrrer lag og organisasjonar.
8. Kommunale avgifter og betalingssatsar vert vedtekne slik det går fram av gebyrliste gjeldande frå 1.1.2026.
9. Det vert opna for at betaling av kommunale avgifter og eigedomsskatt kan betalast i 12 rater etter søknad.
10. Det vert sett av til disposisjonsfondet i 2026 med **kr. 11 355 000 - 955.000 = kr 10 400 000**.
11. Hyllestad kommune yter **kr 2 165 000** i driftstilskot til Hyllestad sokneråd for 2026.
12. Utval for plan og samfunn blir avvikla per 31.12.2025 og formannskapet vert planutval som tidlegare.
13. Partsutvalet vert avvikla per 31.12.2025.
14. Behalde 17. rep i kommunestyret kostnad 2026 0,- i økonomiplanperioden 125 000,-.
15. Behalde støtte til kino, kostnad 2026 0,- 183 000 i økonomiplanperioden.
16. Ta inn finansiering av Fjordkysten årleg fom 2027 (225 000,-).
17. Endre tekst i innsparingskrav omsorg på 1 500 000 til eit generell innsparing og ikkje konkret å gjelde nattevakt omsorgsbustader.
18. Auke kurs/komp. oppvekst, kr 10.000 og kurs/oppl byggesak/oppmåling kr 30.000, samla 40.000
19. Varm mat i barnehagen, kr 425.000
20. Støtte til kino, kr 60.000

21. Sommarjobb for ungdom, kr 250.000
22. Gratis trening for kommunalt tilsette + 10. klasse, kr 150.000
23. Fritidsklubben og «Sommargry» vert for 2026 vidareført med tilskot frå ulike private aktørar. Fritidsklubben leggjast inn med kr. 180.000,- kvart år i økonomiplanen i perioden 2027-29. Nemninga «underskotsgaranti» knytt mot Sommargry vert stroke.
24. Taxi-ordninga held fram innan tildelt ramme
25. Biblioteket vert styrka med 10% stillingsressurs i heile økonomiplanperioden. Auka kostnad kr. 70.000,- kvart år i økonomiperioden
26. Festeavgifter for gravplass vert sett til kr 300,- per grav per år frå 01.01.2026.
27. Husleige for Ytre Bøe 29 vert auka med kr 200,- (feil i gebyrlista vert å rette opp)
28. Investering:
Myklebustelva: Gjerde og sikring langs elva og inntaket under idrettsbana- kr. 200.000,- i 2026.

Auka driftskostnader (kr 995.000) vert dekkja frå disposisjonsfondet.

Økonomiske endringar drift:

Budsjettforslag	161 394 000
Varm mat i barnehagen	425 000
Støtte til kino	60 000
Sommarjobb for ungdom	250 000
Gratis trening for kommunalt tilsette m fl	150 000
Bibliotekstilling auke 10 %	70 000
Auke i kostnad	955 000
Samla driftsbudsjett	162 349 000